

Referat frå styremøte i Hatlehaugen 6, Førde 12.07.22

Desse møtte:

Björg Ladehaug

Hildur Hafstad Smådal

Marloes Vos

Aslaug Vårdal Igelkjøn

Egil Nestande

Monrad Kolstad – deltok på facetime (var bortreist)

Björg var møteiar.

Sak 12/2022: Informasjonsmøte før Seniornett startar opp? Informasjon, rekruttering av kursdel takarar, hjelpesmenn, dugnadsgjeng. Kursavgift. Kven kallar inn? Når?

Frå møtet: Leiar informerte om aktivitetane til hausten. Ein må rekruttere fleire hjelparar, dugnadsfolk ved datatreff. Leiar meiner ein må kunne forvente støtte av personar som har delteke på seniornett i 4- 5 år.

Vedtak: Alle i styret må aktivt prøve å skaffe fleire hjelparar. Informasjonsdag om data aktivitetar hausten 22 i veke 36. Marloes Vos spør Hermund Daling om å lage plakat om info-dagen. Dette informasjonsmøtet vert betalt av Seniornett Førde.

Sak 13/2022: Opplegg for hausten.

- 1) **Nybegynnarar.** Kvar veke.1 – 1 undervisning? Kvar finne hjelparar?
- 2) **«Vidarekomne»** Månadleg. Problemløysing/valgte tema. Hjelparar»? Ekstern undervisar?

Frå møtet: «Problemløysingsdag» - ein dårleg tittel, forslag om å kalle det Nett- kafe eller Datakafe. Denne dagen vert arrangert ein gong i månaden. Det vert sett eit eige tema for denne dagen, og elles høve til å stille spørsmål. Instruktørar vert: Egil Nestande og Mondrad Kolstad, evt ekstern.

Vedtak: Styret vedtok namnet Data- kafe, sidan dette er noko som vert brukt i seniornett sentralt. Det vert ein eigen pris for å delta på Data-kafe ein gong i månaden, tre gonger i haustsemesteret. Dette er eit treff for vidarekomne. Alle i styret vart oppmoda om å skaffe fleire instruktørar.

Sak 14/2022: «IT-treffet» Ein dag i månaden, utan E + M, Fellesarbeid med valde tema. Evt ekstern undervisar? Dagsledar? Avhengig av fleire aktive – som forpliktar seg. Felles kursavgift med «vidarekomne»? Et fast beløp per semester enklare enn «billett». Kaffepause, men kjøper i kafeen?

Frå møtet: IT- treffen er tenkt for vidarekomne, der vi hjelper kvarandre. Vi forsøker å ha den open for interesserte. Gjerne eit oppsett tema, men her kan deltakarane få kome med innspel. Ev. eksterne instruktørar. Seniornett Førde har økonomi til å løne ein slik.

Alle i styret vart oppmoda om å skaffe instruktørar. Mondrad Kolstad sa seg villig til å vere dagleg leiar, dvs. ordne det praktiske som rom, oppkopling av maskiner o. l.. Servering tek kafeen i Førdehuset seg av.

Vedtak:

IT- treffen vert arrangert ein gong i månaden, tre gonger i haustsemesteret.

Det vert fast pris på desse treffa.

Mondrad Kolstad er dagleg leiar, men vi må rekruttere fleire på informasjonsmøtet.

Sak 15/2022: Digital festival. Kven har kontakt med biblioteket? Seniornett vil ha 4 dagars fotokurs og verving av medlemar.. Underviser Egil eller Monrad? Vi lagar plakater?

Frå møtet:

Digital festival har vore eit fellestiltak mellom biblioteket, frivilligsentralen og Seniornett. Seniornett sentralt har fastsett foto som tema. Kurs i fotografering, korleis laste opp bilete i skya og enkel redigering. Digital festival er i veke 38. Seniornett sentralt ønskjer å bruke foto som eit slags rekrutteringstiltak.

Vedtak:

Digital festival vert arrangert onsdag eller torsdag i veke 38. To studietimar før matøkt, og to timar etterpå. Bjørg tek kontakt med biblioteket og frivilligsentralen. Torunn Rygg (tilsett på biblioteket) vert spurt om å lage plakater. Marloes Vos snakkar med Reiakvam foto.

Sak 16/2022 Eldredagen: 1. oktober, men nærmeste fredag: 30.09. Leiar har vore i møte med komiteen, og vi skal lage plakater. Kven?

Vedtak:

Bjørg Ladehaug lagar plakater. Ho har hatt møte med komiteen, som har fastsett program.

Sak 17/2022 Sosiale aktivitetar. Nybegynnargruppa kaffe som før, likedan «datakafe». IT-treffan handlar i kantina? Den beste form for samvær er i felles aktivitet – altså i datasalen. Juleavslutning, som sist felles. Full eigenbetaling?

Vedtak: Kaffi/ matøkt i samarbeid med kafeen i Førdehuset. Juleavslutning som i 2021, men med full eigenbetaling.

Sak 18/ 2022: Eventuelt: Informasjon frå leiar om datastover. Kurs i PC 19/9, 26/9, 3/10 og 10/10. Kurs i mobil/nettbrett 7/10, 24/10, 31/10 7/11. Frå klokka 10 til 13.30.

Møtet slutt.

Aslaug Vårdal Igelkjøn

Refr. – (for Ellinor Kvalstad som ikkje kunne møte)